



HVL - Campus Sogndal

Eit samarbeidsprosjekt med Hardanger/Voss regionen

Kompetanseløftet -
Spesialpedagogikk og inkluderande
praksis i barnehage og skule -
«Laget rundt barnet»

Rapport 2: Kartlegging av kompetanse og kompetansebehov Hardanger/Voss regionen. Analyse fase to.

Rapport 2: Rapport 2 byggjer på rapport 1: Samla tendensar og hovudfunn i ei første analyse basert på data på kommunenivå og regionsnivå. Rapport 2 er basert på eit breiare filtreringsgrunnlag for resultat/analyse og framovermelding kompetansetiltak for regionen.

Ressurspersonar Kompetanseløftet Hardanger/Voss regionen:

Prosjektansvarlege:

Eva Karin H. Wiberg. Regionskoordinator

Frode Monsen. Leiar

Styringsgruppa består av:

Frode Monsen. Kommunalsjef Voss

Astrid-Anett Steine. Kommunalsjef Kvam

Morten Vevatne. Kommunalsjef Ullensvang

Anne Istad. Kommunalsjef Eidfjord

Rigmor Hansen. Kommunalsjef Ulvik

Arbeidsgruppa består av:

Eva Karin H. Wiberg. Regionskoordinator Ullensvang

Frode Monsen. Kommunalsjef Voss

Gunvor F. Ulltang. Leiar PPT Kvam

Hilde Anette Oksavik Bu. Skule Eidfjord

Sonja Haugland. Barnehage Ulvik

Prosjektdeltakarar Høgskulen på Vestlandet:

Drøftings- og prosesspartnerar med Hardanger/Voss Kompetanseregionen:

Merete Nornes-Nymark, Høgskulelektor pedagogikk og spesialpedagogikk ved barnehagelærerutdanninga (BLU). Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI), Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag (IPRS).

Marit Irene Uglum, Høgskulelektor pedagogikk ved Praktisk pedagogisk utdanning (PPU) og grunnskulelærerutdanninga (GLU). Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI), Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag (IPRS).

SurveyXact partner:

Dag Ove Vareberg. Eining for regional utvikling. Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI).

Rapport 2

Meld. St. 6. (2019 – 2020) Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skole og SFO legg vekt på utvikling av kompetansebygging og samarbeid mellom ulike aktørar i kommunane/regionane; «Laget rundt barnet». Med bakgrunn i denne stortingsmeldinga, og i samarbeid med arbeidsgruppa er det gjort ei kartlegging av kompetansen og behova i Hardanger/Voss regionen.

Til undersøkinga er det digitale verktøyet SurveyXact teke i bruk.

I undersøkinga er det gjort avgrensingar i høve tal informantar og utval i samarbeid med styrings- og arbeidsgruppa Hardanger/Voss regionen .

Utvalet består av representantar frå alle kommunar i Hardanger/Voss regionen, både barnehage, skule og PPT i kvar kommune; Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Ulvik og Voss.

Totalt 78 respondentar fekk tilbod om å delta. 75 respondentar deltok.

Oversikt respondentgrupper i regionen:

Barnehage: 24

PPT kontakt barnehage: 6

Skule 4. trinn: 15

PPT kontakt skule 4. trinn: 9

Skule 9. trinn: 16

PPT kontakt skule 9.trinn: 5

Funna i denne undersøkinga byggjer på eit avgrensa utval og kan difor ikkje generaliserast. Analysen kan likevel vise tendensar og gje eit oversiktsbilete over kva kompetanse og kompetansebehov som er i regionen. På same tid kan undersøkinga gje eit innblikk i kva styrkar ulike einingar har som kan nyttast i samband med interne tiltak i regionen.

Presentasjon vidare er ei samla analyse basert på filtrering i høve barnehage vs PPT kontakt i barnehage og vidare skule 4. trinn og 9. trinn vs PPT kontakt 4. trinn og 9. trinn skule. Særskilde tendensar og hovudfunn vert trekt fram i presentasjonen.

Kompetanse og kompetansebehov knytt til spesialpedagogikk og inkluderande praksis i skule, barnehage og PPT; «Laget rundt barnet» i Hardanger/Voss regionen etter gjennomført spørjeundersøking i SurveyXact

Barnehage vs PPT kontakt barnehage.

Kompetanse

Formell kompetanse

63% i barnehage har ingen formell kompetanse, men 25 % har 30 studiepoeng, og 4 % har mastergrad. PPT kontakt barnehage rapporterer om 100% mastergrad.

Avdekking og verktøy

I barnehage viser 44 % til *liten /særs liten grad* kompetanse i å avdekke vanskar innan autismespekteret, medan PPT barnehage viser 66% til å ha *særs stor grad/stor grad* kompetanse til å avdekke desse vanskane. Størst utfordringer har barnehage og PPT barnehage med å avdekke og ha verktøy for matematikk vanskar. Like eins om lag 40 % i barnehage som manglar kompetanse og verktøy for å avdekke risiko for lese- og skrivevanskar. På tilsvarande område viser PPT barnehage til om lag 33% manglar kompetanse.

I høve å avdekke og ha verktøy for utviklingsmessige språkforstyrningar viser barnehage og PPT barnehage *stor grad* av kompetanse. I barnehage er det berre 10 % som seier dei har *liten/særs liten grad* av kompetanse i å avdekke, og på tilsvarande område 19 % manglar kompetanse i verktøy. I PPT barnehage er det ingen som seiar dei manglar kompetanse i å avdekke eller ha verktøy i høve utviklingsmessige språkforstyrningar.

I høve til konsentrasjon, ADHD eller åtferdsproblem viser barnhage til at 43% har *særs stor grad/stor grad* av kompetanse ,og 43 % verken stor eller lite i høve til å avdekke vanskar. PPT barnehage er det ingen som seiar dei manglar kompetanse i å avdekke vanskar og ha verktøy i høve desse vanskane.

I PPT barnehage er det stor tru på at organisasjonen kan avdekke og ha verktøy for ulike vanskar. 17 % viser til *verken i stor eller liten grad* når det gjeld verktøy. I barnehagen er det 5 % som opplever organisasjonen har vanskar med å avdekke ulike vanskar, og 14 % som i *liten grad* opplever organisasjonen har verktøy

Generelt

Det kan synast som om kompetansen for avdekking og verktøy i samband med autisme og risiko for utvikling av lese- og skrivevanskar er ei utfordring i barnehagen. Om lag halvparten av respondentane rapporterer at dei har kompetanse i *særs stor grad/i stor grad* for å avdekke vanskar innan utviklingsmessige språkforstyrningar og 41% har gode verktøy i høve desse vanskane.

På same tid samsvarar dette funnet mindre med at barnehagen har *liten grad av kompetanse* i å avdekke risiko for lese og skrivevanskar sidan utviklingmessige språkforstyrningar kan vera ein risiko og i samband med utvikling av lese og skrivevanskar.

Rutinar og organisering av spesialpedagogiske tiltak

Melding behov

5 % i barnehage seier dei ikkje kjenner rutinane for melding av spesialpedagogiske behov. 55% av barnehage seier rutinane for melding er *særs gode /gode*, og PPT barnehage viser tilsvarende til 66 %, lik eins vurderer 67 % PPT barnhage at barnehagen sitt arbeid med barn før tilmelding til PPT som *godt*.

Organisering

I hovudsak, 57% organiserer spesialpedagogiske tiltak som ein-til-ein på grupperom. Totalt 19 % seier i *liten grad /særs liten grad* ein-til-ein. Det er også vanleg med organisering i mindre grupper med same problematikk/nivå, 67%. Totalt 11 % viser til *liten grad /særs liten grad* av organisering i mindre grupper. Organiseringa som felles aktivitet i barnegruppa er og veldig vanleg, 57% *verken stor eller liten grad* og 33% i *stor/særs stor grad*.

Individuell utviklingsplan/IUP

I barnhagen opplever 62 % at IUP er eit nyttig arbeidsreiskap, og 29% seier *verken i stor eller i liten grad*. PPT barnehage opplever 60 % nytten av IUP i stor grad , og 40 % som *verken i stor eller i liten grad*.

Prosedyrar oppfølging barn i barnehagen

86 % i barnehage kjenner til barnehagen sine prosedyrar for oppfølging av barn med særskilte behov, og 80 % av PPT barnehage. Totalt vurderer 68 % barnehagen sine prosedyrar for oppfølging av barn med særskilte behov som *særs gode/gode* , og 27 % som ganske gode. Totalt er det berre 5 % som vurderer PPT sine prosedyrar for oppfølging av barn som mindre gode.

Generelt

Det kan synast som det generelt er ei oppleving av prosedyrar for oppfølging av barn med særskilte behov er gode i barnehagen. I høve til å sjå nytten av IUP kan det vera eit utviklingspotensiale.

Inkluderande praksis i barnehagen

Medverknad og inkludera alle i gruppa

Totalt har 62% *særs god/god* erfaring med inkluderande praksis på sin noverande arbeidsplass, og 27% *verken stor eller liten*. I barnhage viser 19% til at barnet *liten/særs liten grad* har medverknad i samband med tilrettelegging for utforming av spesial- pedagogiske, samtidig som 80 % i PPT viser til *verken i stor eller i liten grad*. Barnhagen viser til at det i stor grad vert lagt vekt på meistring for alle og ein inkluderande praksis for alle i gruppa. PPT barnhage viser til at 20 % det vert dette gjort i *særs liten grad*. Totalt viser 100% til at organisasjonen legg til rette for inkludering i *særs stor grad/stor grad*

Tilrettelegging fagleg og sosialt for alle

I høve til fagleg tilrettelegging viser totalen 66% i barnehagen til at det vert gjort i *særs stor/stor grad*, og 35 % i *verken stor eller liten grad*, medan i høve til arbeid med sosial kompetanse viser totalen 85% i barnehagen at det vert jobba med i *sær stor grad/stor grad*, og 15 % verken i *stor eller liten grad*.

Samanheng spesialpedagogiske og allmennpedagogiske perspektivet

Totalt i barnehagen vert det vist til at 69% i *særs stor grad/stor grad* i varetek samanhengen mellom det spesialpedagogiske og allmennpedagogiske perspektiv. Totalt 6 % opplever det vert ivareteke i *liten grad*. Samarbeidet mellom det ordinær og spesialpedagogiske tilbodet vert totalt vurdert 66% til å vera *særs god/godt*.

Rammevilkår

Barnhage meiner at tid 67 % er den største utfordringa for å få til ein inkluderande praksis . PPT barnhage opplever og tid som den største utfordringa 80%. Gruppe storleik vert og trekt fram frå barnhage og PPT barnhage.

Generelt

Det synest som at barnehagane legg til rette for inkludering i gruppa men at tida er ei utfordring. Det er truleg naturleg at sosial kompetanse vert jobba meir aktivt med i barnhage enn fagleg tilrettelegging. Generelt synest det som barnehagen jobbar godt med samanhengen mellom det spesialpedagogiske – og allmennpedagogiske perspektivet.

Samarbeid internt og eksternt

Internt og PPT

Totalt viser 23 % til at samarbeidet internt og med PPT er *ganske godt*. Totalt opplever 77 % at samarbeidet internt og nytten av samarbeid med PPT er *særs godt/godt*.

Samarbeid med barnevern og helsestasjonen

I høve til nytten samarbeid med barnevernet er 19 % i barnehagen det som *mindre godt/særs lite godt*, medan i PPT barnehage er det 40 % som vurderer samarbeidet med barnevernet som *mindre godt*.

I høve til nytten av samarbeid med helsestasjon vurderer PPT barnehage nytten av samarbeidet 60 % godt og 40 % ganske godt. I barnehage vert det vist til at 24 % opplever nytten i samarbeid med helsestasjonen mindre godt.

Generelt

Det kan synast som at barnehagen har godt samarbeid internt og med PPT. PPT og barnehage har ulike opplevingar av samarbeidet med barnevernet – det kan ha bakgrunn i kunnskap om rolle og mandat der mellom anna ulikt lovverk set føringar for ulik praksis og deling av opplysningar.

Tiltaksnivå

I barnehage opplever 43 % at innsatsen på universelt nivå må strykast og 33 % på selektert nivå. I PPT barnehage er det 100% som meiner innsatsen må prioriterast på universelt nivå.

Tekstboks stikkord

Barnehage

Auka kompetanse om diagnosar som autisme, ADHD, økonomiske ressursar til tidleg innsats, meir teori og kunnskap om spesialpedagogikk, styrka bemanning. Tilbod om vidareutdanning i spesialpedagogikk 15-30 stp. Kurs og meir oppfølging og raskare respons frå PPT.

PPT barnehage

God kontakt med ulike tenester, felles forståing av inkluderande praksis, felles kompetanseheving PPT og barnehage, verktøy for å styrke laget rundt barnet

Skule 4. og 9.trinn vs PPT kontakt 4. og 9. trinn skule.

Kompetanse

Formell kompetanse

Skule 4. trinn og 9. trinn har 67 % har ingen formell kompetanse i spesialpedagogikk, men 7% har 60 stp. På 4. trinn er det 13 % som i tillegg har 30 stp. Det vil seia at det er meir formell kompetanse i spesialpedagogikk på 4. trinn enn på 9. trinn i skulen. I PPT er det om lag 60 % som har master.

Avdekking og verktøy

I høve til avdekking av ulike vanskar ser ein tendens til at både på 4. trinn og 9. trinn er det svara *verken i stor eller liten grad* som går att, medan PPT svarar i *særs stor og stor grad*. Den same tendensen gjeld verktøy til å hjelpe eleven.

Det som kan vera interessant å merke seg er at på 4. trinn skule er det 7 og 13 % som seier dei i *særs stor grad* kan avdekke og ha verktøy i høve til lese og skrivevanskar, matematikk vanskar og konsentrasjon, ADHD eller åtferdsproblem, medan det på 9. trinnet skule er det ingen som svarar i *særs stor grad*.

PPT 4. trinn svarar i hovudsak i *særs stor grad /stor grad* i høve til kompetanse og verktøy.

PPT 9. trinn er det om lag 20 % som svarar at dei har *liten /særs liten grad* av kompetanse i avdekke og verktøy i høve vanskar som åtferdsproblematikk, matematikkvanskar, lese og skrive vanskar , og 40 % svarar at dei i *liten grad* har verktøy til å hjelpe barn med utviklingsmessige språkforstyrning/spesifikke språkvanskar.

Generelt

Generelt er det ein tendens til i denne undersøkinga at i skulen er det størst utfordringar med vanskar innan autismeperspektivet og matematikkvanskar. PPT viser til å ha god kompetanse i høve verktøy på dei ulike områda, men ein tendens til at det er noko større utfordringar på 9. trinn. Totalt i organisasjonen viser svara på 4. trinn at om lag 60 % i *særs stor grad /stor grad* at organisasjonen har kompetanse til å avdekke ulike vanskar , medan det på 9. trinn er om lag 60 % som svarar *verken liten eller stor grad*. I høve til verktøy svar 4. trinn 67 % i *særs stor grad /i stor grad*, medan på 9. trinn svarar 56% *verken liten eller stor grad*, og 6 % i *liten og særs liten grad*.

Rutinar og organisering av spesialpedagogiske tiltak

Melding behov

Totalt på 4.trinn har alle respondentane kjennskap til rutinar for melding, medan på 9.trinn er det 6% som ikkje har kjennskap til rutinane. På 4. trinn skule er det 14 % som vurderer rutinane som *mindre gode*. I PPT 9. trinn er det 20 % som meiner rutinane er *mindre gode*, og 40 % som opplever skulen sitt arbeid med tiltak før tilmelding PPT som *mindre godt*.

Organisering

Skule 4. trinn og 9.trinn svara 46- 57% at tiltaka vert organisert som ein- til -ein oppfølging i *verken stor eller liten grad*, medan PPT 9. trinn svarar 80 % i *liten grad*. Organisering i mindre grupper med same problematikk/nivå og to- lærar system peikar seg ut til å vera ein vanleg organiseringsmåte både på 4. trinn og 9. trinn, men på 9. trinn er det totalt 17 % som seier det skjer i *liten grad*. Totalt er det om lag 50 % på 4. trinn og 9.trinn som organiserer spesialpedagogiske tiltak på andre alternative arenaer.

Individuell opplæringsplan/IOP

På skule 4. trinn svarar 21% at IOP i *liten grad /særs liten grad* er eit nyttig arbeidsverktøy.

PPT 4. trinn svarar at 14% i *liten grad*.

På skule og PPT 9. trinn svarar 40 % at IOP i *liten grad/ særs liten grad* er nyttig.



Prosedyrar oppfølging elevar i skulen

Totalt skule 4. trinn er det kun 5% som ikkje har kjennskap til prosedyrane i skulen, medan på 9. trinnet er total 28 % som ikkje har kjennskap og av dei 15 % i skulen og 60 % PPT. Når det gjeld kjennskap til PPT sine prosedyrar for oppfølging av elevar med særskilde behov svara skule 4. trinn at 36 % ikkje har kjennskap , og skule 9. trinn svarar 69 % ikkje kjennskap.

Skule 9. trinn vurderer 75 % at prosedyrane for PPT si oppfølging er *mindre gode*, medan på 4. trinn er det 22 % som svarar at dei er *mindre gode*.

Generelt

Det er ein tendens til at PPT opplever at skulane kan jobbe meir med før meldinga til PPT. Det synest som om skulane organiserer spesialundervisninga på tradisjonelt vis i gruppe, ein – til – ein, og alternative arenaer. Det er interessant å merke seg at det ser ut til å vera større utfordringar til rutinar og organisering på skule 9. trinn enn på skule 4. trinn. Eit interessant spørsmål er kvifor mange opplever at IOP er eit lite nyttig «arbeidsverktøy».

Inkluderande praksis i skule

Medverknad og inkludering av alle i klassen

Totalt viser 4. trinn at 53 % i *særs stor/stor grad* og 38 % *verken stor eller liten grad* inkluderande praksis på sin noverande arbeidsplass, og totalt på 9. trinn er dei tilsvarende svara 39% i *stor grad* og 44% *verken i stor eller liten grad*. I høve til medverknad viser skule 4. trinn viser totalt 72 % *særs stor grad/stor grad*, og på 9. trinn tilsvarende 61 % på medverknad elevar. Tabellane viser at skulen i *stor grad* legg til rette for meistring for alle barn og inkludering i klassen.

PPT 9. trinn skil seg ut ved at 20 % viser at å leggje til rette for å inkludera alle i klassen skjer i *liten grad*.

Tilrettelegging fagleg og sosialt for alle

Totalt på 4. trinn viser 5% av svara at det i *liten/særs liten grad* vert lagt fagleg til rette og arbeid med sosial kompetanse for alle. Tilsvarende viser 20 % av svara frå PPT 9. trinn at det i *liten grad* vert arbeida med sosial kompetanse.

Rammevilkår

I samband med spørsmålet kva er den største utfordringa for å få til ein inkluderande praksis peikar skule 4. trinn på tida 57%, medan PPT 4. klasse viser 67% til kompetanse som den største utfordringa.

På skule 9. trinn er fordelinga 23 % på klasse/gruppe storleik, kompetanse og tid som utfordringar, med PPT 9. trinn har 60% på tid som største utfordringa, og 20 % på klasse/gruppe storleik , og 20 % på leiing.

Samanheng spesialpedagogiske og allmennpedagogiske perspektiv

PPT 9.trinn viser til 20 % tek mindre i vare samanhengen mellom det spesialpedagogiske og allmenn pedagogiske perspektivet. Det speglar seg og i spørsmålet om samarbeidet mellom det ordinære og det spesialpedagogiske tilbudet i skulen der PPT. 9. klasse viser til 40% som *mindre godt*. Skule 4. trinn og 9. trinn viser her til om lag den same med 7-8 % vurdere det som *mindre godt*.

Generelt

Ut i frå svara viser både skule og PPT at alle jobbar med å få til ein inkluderande praksis, og at tid og kompetanse peikar seg ut generelt som dei største utfordringane. Det kan synast som PPT er noko meir oppteken av samanhengen i mellom det spesialpedagogiske og allmennpedagogiske enn skulen. Det ser og ut til å vera noko større utfordringar på 9. trinn enn 4. trinn for å ta i vare ein inkluderande praksis.

Samarbeid internt og eksternt

Internt og PPT

Totalt viser 4. trinn til at det er eit godt samarbeid internt 65 % svarar *særs godt/godt*. 50% ser og nytten av samarbeid med PPT medan 40 % seier ganske godt , og 10 % *særs lite godt*.

På 9. trinn totalt er det 67 % som opplever intern samarbeid *særs godt/godt*. PPT 9. trinn viser til 20% mindre godt intern samarbeid i skulen. Skule 9. trinn viser 69 % til *særs godt/ godt samarbeid* med PPT , medan PPT 9. trinn viser 40 % *godt* og 60 % *ganske godt*.



Samarbeid med barnevern og skulehelsetenesta

Skule 4. trinn 57 % viser til *særs god/god* nytte av samarbeid med barnevernet, medan 14% viser *mindre god* nytte. I høve til skulehelsetenesta viser 78 % til *særs god/god* nytte av samarbeid og 7% til *mindre god*. PPT 4. trinn har *god/ganske god* nytte.

Skule 9. trinn viser 69 % til *god/ ganske god nytte* av samarbeid med barnevernet, og 31 % til *mindre god/god*. PPT 9. trinn viser til 20% *mindre god* nytte av samarbeid med barnevernet, 15 % til *mindre god* nytte av samarbeidet med skulehelsetenesta

Generelt

Samarbeidet intern og ekstern ser ut til å fungere best på 4. trinnet. Barnevernet ser ut til å vera den etaten som skulane ser mindre nytte av. Spørsmålet er om det og kan vera på grunn av mindre kjennskap til rolle og mandat?

Tiltaksnivå

På skule 4. trinn meiner 57% at det må prioriterast på selektert nivå , medan PPT 4. trinn svara 67 % på universelt nivå, og 33% på selektert nivå.

På skule 9. trinn meiner 54 % må prioriterast på selektert nivå, med PPT 9. trinn viser til 60 % prioritering på selektert nivå , og 40 % på universelt nivå.

Tekstboks stikkord

Skule 4. trinn

Etterutdanning og vidareutdanning spesialpedagogisk kompetanse i relevante fag, samarbeidsmøte for å hjelpe kvarandre å leggje til rette og gi elevane utbytte.

PPT 4. trinn

God kunnskap om lærevanskar kan styrke tilpassa opplæring, kompetanse og forståing for inkluderande praksis, fokus på system og leiarnivå, auka kunnskap og kompetanse om ulike vanskar, tettare kontakt PPT og skule, lære av kvarandre og gjera kvarandre gode, forventningsavklaringar PPT og skule.

Skule 9. trinn

PPT og barnevern meir inn i skulen. Tettare samarbeid med PPT før- no lang tid før hjelp og ressursar og IOP er på plass, barnevernet er ustabil, kurs i dyskalkuli og digitale hjelpemiddel, leggje vekt på sosial kompetanse, mindre klassa og språkdelte klassar, PPT må gi lærarane verktøy i møte med eleven- ikkje berre ord og forståing for vansken.., kontinuitet i møte med andre etatar.

PPT 9. trinn

Leiarar (rektorar og avdelingsleiarar) treng kompetanse i endringsarbeid og organisasjonsutvikling, og PPT kompetanse til å støtte dei. Leiaren kompetanse i å få lærarane med seg, kartleggingskompetanse i skulen, felles verktøy for utvikling og endring, kompetanse og tilrettelegging i klasserommet.

Kort oppsummering barnehage, skule og PPT kontaktar

Generelt kan vi seie at respondentane i regionen viser at det er behov for meir kompetanse og kunnskap for å nå målet om tidleg innsats og ein inkluderande praksis når det gjeld spesialpedagogisk tilrettelegging i barnehage og skule, slik Meld. St. 6. (2019 – 2020) Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skole og SFO legg føringar for.

Ut i frå denne undersøkinga er det ein tendens til at dei største utfordringane i høve til kompetanse og prosedyrar i samband med spesialpedagogikk og ein inkluderande praksis er i skule 9. trinn. Ungdomstrinnet kan ut i frå det vera viktig å ha i tankane i samband med vidare prioriteringar og satsingsområde i regionen.

Basert på analysen presenterer vi nokre overordna forslag til korleis «Laget rundt barnet» i Hardanger/Voss regionen kan styrkast. Vi vert gjerne med vidare i meir detaljerte drøftingar, vurderingar og prioriteringar i samband med eit kompetanseløft i regionen.

Forslag kompetansetiltak Hardanger/Voss regionen

1) Kompetansetiltak for tilsette i barnehagar og skular gjennom kurs og kunnskapsdeling i eigen organisasjon

Kunnskapsformidling av vanskar og verktøy i arbeid med barn og unge knytt til områda: Autismespekteret, utviklingsmessig språkforstyrning/spesifikke språkvanskar, konsentrasjonsvanskar, ADHD og åtferdsvanskar.

Opplæring og bruk av IOP/IUP som arbeidsreiskap i det spesialpedagogiske arbeidet

Ansvar: Leiing i samarbeid med PPT rådgjevarar.

2) Informasjonsmøter for alle tilsette i barnehage og skule

Tema: Ansvar, plikter, rolle og mandat for rutinar, prosedyrar og samarbeid med eksterne samarbeidspartar.

Ansvar: PPT, barnevern og helsestasjonen i samarbeid med leiing.

3) Opplæring og innsikt i interne rutinar og prosedyrar

Tema: Tilmelding til eksterne samarbeidspartar og oppfølging av barn/elevlar med særskilde behov i eigen organisasjon.

Ansvar: Leiar i den einsskilde organisasjon

4) Kompetanseseminar haust 2022/vår 2023

Tema: Inkluderande praksis i barnehage og skule; Barns medverknad; Tverrprofesjonelt samarbeid i praksis m.m.

Seminar med innleiande faglege føredrag av samarbeidspartnerar ved Høgskulen på Vestlandet.

Ansvar: Leiinga og Merete Nornes-Nymark og Marit Irene Uglum

Kompetanseseminara kan organiserast på barnehagenivå, skulenivå eller samla.

5) Kompetansetiltak gjennom eksterne samarbeidspartar frå haust 2022

Tema: Kompetanse/kunnskap og verktøy i arbeid med barn/elevlar som kan ha eller være i risiko for lese- og skrivevanskar/dysleksi og matematikkvanskar.

Ansvar: Leiinga

Samarbeidspart: Fagpersonar med spisskompetanse i Statped Vest/Fagtilsette med spisskompetanse ved Høgskulen på Vestlandet.



6) Kompetanetiltak i barnehage og skule gjennom ReKomp og DeKomp ordningar (2023/2024)

Søknader utifrå definerte kompetansebehov og prosjektbeskriving i den enkelte eininga.

Ansvar: Leiing og personalet i eiga eining

Samarbeidspart etter tildeling av midlar: Fagtilsette ved Høgskulen på Vestlandet

7) Formell kompetanse i barnehage og skule gjennom utdanning (2023/2024)

Høgskulen på Vestlandet (HVL) tilbyr desse utdanningane som kan være relevante:

For skule: To emner innan Spesialpedagogikk; TPE803 og TPE804 (studiestad Bergen).

For barnehage: Eit emne innan Spesialpedagogikk; SPB801 (studiestad Sogndal)

I tillegg tilbyr HVL: Praktisk utdanningsvitenskap (MPUV) som har ei spesialpedagogisk «retning»

<https://www.hvl.no/studier/studieprogram/praktisk-utdanningsvitenskap/>

For studieåret 2022/2023 er søknadsfristen gått ut, men det kan være studieplassar att via restetorget.

Sogndal 22. juni 2022

Merete Nornes-Nymark

Marit Irene Uglum